

Saksframlegg

Saksbehandlar: Arlen Synnøve Bidne, Kulturavdelinga
 Sak nr.: 13/6496-10

Statlegtilskot kap. 1429 post 71 - Freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap og post 79 Verdsarv 2014

Framlegg til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Det vert gitt slik løyving frå post 71 Freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap:

a. Gamle Gimmestad kyrkje	kr. 700 000
b. Bispestova	kr. 650 000
c. Tingvoll	kr. 186 000
d. Skjerdalshus	kr. 300 000
e. Loftesnes	kr. 11 000
f. Sogn Politimeisterbustad	kr. 15 000
g. Askelund	kr. 300 000
h. Parken, Storgata	kr. 44 500
i. Parken, Ørengata	kr. 44 500
j. Råkeneset	kr. 257 000
k. Osmundnes naust	kr. 271 000
l. Osmundnes løe	kr. 31 000
m. Osmundnes vindauga	kr. 120 000
n. Svanøy	kr. 100 000
o. Hagevik tønnefabrikk	kr. 300 000
p. Restaureringsleiar	kr. 370 000

Sum tildelte tilskot **kr. 3 700 000**

2. Det vert gitt slik løyving frå post 79 Verdsarv:

a. Edling-Hans-stova	kr. 500 000
b. Sel på Hjølmo	kr. 320 000
c. Øvste Stegen	kr. 75 000
d. Vernemur i Gudvangen	kr. 75 000
e. Solbakken i Undredal	kr. 200 000
f. Restaureringsleiar	kr. 130 000

Sum tildelte tilskot **kr. 1 300 000**

Vedlegg:

Brev av 7. februar 2014 frå Riksantikvaren
 Omtale og vurdering av innkomne søknadar til post 71 Freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap
 Omtale og vurdering av innkomne søknadar til post 79 Verdsarv

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn- løyving frå Riksantikvaren 2014

Sogn og Fjordane fylkeskommune har for året 2014 fått tildelt fyljande tilskot frå Riksantikvaren til fordeling blant dei innkomne søknadane.

Post 71 Freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap	kr. 3 700 000
Post 79 Tilskot til verdsarven	kr. 1 300 000

I tillegg har fylkeskommunen fått ei førehandsløyving for 2015 frå post 71 Freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap på kr. 1 000 000,-

Riksantikvaren gav i 2013 ei førehandstildeling for 2014 på kr. 1 000 000. Desse midlane kjem i tillegg til tildelinga ovanfor og vart fordelt i HK-sak 52/13 med fyljande fordeling:

1. Bispestova i Lavik, Høyanger kommune	kr. 500 000
2. Hovudhuset på Sveen, Gaular kommune	kr. 200 000
3. Seltuftberget brakke, Aurland kommune	kr. 30 000
4. Synneva Eris hus, hovudbygningen, Lærdal kommune	kr. 20 000
5. Synneva Eris hus, bakeriet, Lærdal kommune	kr. 80 000
6. Naust på Osmundnes, Gloppen kommune	kr. 70 000
7. Restaureringsleiar for freda bygningar	kr. 100 000

Med førehandstildelinga frå 2013 for 2014 er den totale tildelinga til Sogn og Fjordane fylkeskommune kr. 4 700 000 knytt til post 71 og kr. 1 300 000 knytt til post 79.

Fordelinga for 2014 til dei enkelte fylkeskommunane er basert på fyljande kriterier:

1. Innmeld behov med grunnlag i kvalifiserte søknader frå eigarane.
2. Status for framdriftsrapportering – tiltak som kan bli ferdige i 2014
3. Tilgang til kvalifiserte handverkarar.
4. Oppdatert tilstandsgrad på heilt eller delevis fullførte prosjekt.

I 2014 har Riksantikvaren valt å fordele midlane slik at Oppland og Hordaland framleis får ein stor del av tilskotsmidlane. Dette av di desse to fylka har det største talet freda bygningar i privat eige. Tanken til Riksantikvaren er at dei skal kunne bli ferdig med ein del større og tyngjande tiltak. I tillegg har Riksantikvaren starta opp ei forsiktig opptrapping av tilskota til Telemark.

I tildelingsbrevet peikar Riksantikvaren på at fylkeskommunane har eit sjølvstendig ansvar for kulturminnevern. Vidare understrekar dei at det er viktig at fylkeskommunane gir eigne tilskotsmidlar til istandsetjing av freda og verneverdige bygningar. Noko som dei ser på som viktig i eit verdiskapingsperspektiv, og dei håpar at fleire av fylkeskommunane vinklar sine utviklingsmidlar mot dette.

2. Målgrupper og nasjonale mål

Kvart år kan eigarar av freda og fredingsverdige kulturminne, samt eigarane av kulturminne innanfor verdsarvområda søkje om statlege tilskot til vern og sikring. Eigarane søker fylkeskommunen som så gjer ei prioritering av dei omsøkte prosjekta og sender ein felles søknad til Riksantikvaren om tilskot til fylket. Basert på denne søknaden får fylkeskommunen tildelt ein sum som skal vidarefordelast.

I statsbudsjettet for 2014 var det ei endring i nemninga av postane som det kan søkjast på. Den største endringa er at post 72.4. Kystkultur og 72.5 Kulturlandskap ikkje lenger er ein eigen post men skal vurderast saman med dei freda kulturminna i privat eige, tidlegare post 72.2 no post 71, Freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap. Endringa i poststrukturen er eit resultat av ein prosess med opprydding i Riksantikvaren sine tilskotsordningar for å få ein tydlegare tilknytning mellom postar/tilskotsordningar og dei nasjonale måla for kulturminnevernet og at det skal bli lettare å sjå samanhangen mellom tildelte midlar og arbeidet med å nå dei nasjonale måla. Tilskotsmidlane frå post 71 skal i hovudsak gå til *Bevaringsprogrammet for fredete bygninger i privat eie*.

Post 71 tilskot til freda kulturminne i privat eige og kulturmiljø og kulturlandskap

Målet for tilskotsordninga er at freda og andre særleg verdifulle kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap i privat eige skal vere sett istand til ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.

Målgruppa er private eigarar og forvaltarar av bygningar, anlegg kulturmiljø og landskap som er vedtaksfreda, automatisk freda, mellombels freda eller der fredingssak er under handsaming. Kulturminna må vere heilt eller delvis i privat eige. Tilskotet skal dekkje meirutgifter, heilt eller delvis i samband med antikvarisk sikring, istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av freda kulturminne og kulturmiljø, som er i samsvar med fredingsføremålet.

Andre målgrupper er private eigarar og forvaltarar av freda eller spesielt verneverdige kulturminne og kulturmiljø som er typiske for liv og verksemd langs kysten.

Siste målgruppe er private eigarar og forvaltarar, i første rekkje knytt til Noreg sine åtte freda kulturmiljø, men òg til andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap. Tilskota skal primært tildelast tiltak som er forankra i forvaltnings- og skjøtelsesplanar. Sogn og Fjordane har ingen freda kulturmiljø.

Post 79 tilskot til verdsarven

Målet for posten er at stadene på Unesco si verdsarvliste skal forvaltast i tråd med forpliktingane i Unesco sin verdsarvkonvensjon og dei internasjonale retningslinjene frå Unesco.

Målgruppa er stadene som står på Unesco si verdsarvliste. I Sogn og Fjordane gjeld dette Urnes stavkyrkje og Vestnorsk fjordlandskap – Delområde Nærøyfjorden. Tilskot skal ytast i tråd med forpliktingane som fyljer av Unesco sin verdsarvkonvensjon og i tråd med dei internasjonale retningslinjene frå Unesco. I spesielle tilfelle kan midlane nyttast til tiltak som indirekte medverkar til sikring av verdsarven.

Istandsetjing av freda bygg og anlegg 2020

Miljøverndepartementet la fram ei ny stortingsmelding om kulturminne, Stortingsmelding nr. 35 (2012 – 2013) *Framtid med fotfeste, Kulturminnepolitikken*. I den nye stortingsmeldinga er måla frå Stortingsmelding nr. 16 (2004-2005) *Leve med kulturminner – verdier som skal tas vare på og brukes* vidareført. Målet om at dei freda og fredingsverdige kulturminna og kulturmiljøa skal vere sikra og ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020 er vidareført. Det same er dei 10 bevaringsprogramma som er oppretta for å nå dette målet. Tilskota knytta til Post 71 og 79 er knytt til to av bevaringsprogramma, Freda bygningar i privat eige og Verdsarven, og skal bidra til at målet om ordinært vedlikehald innan desse felte skal nåast.

Utfordringane i arbeidet med å nå det nasjonale målet om ordinært vedlikehaldsnivå på dei freda bygningane innan 2020 er store. Dei to største utfordringane for å nå dette målet er tilgang på kvalifiserte handverkar og tilstrekkeleg økonomisk støtte til å gjennomføre restaureringane på eit høgt kvalitativt nivå. Ein anna utfordring i fleire nødvendige prosjekt har vore og er, eigar si evne til å ta sin del av kostnadane ved istandsetjing av sine egne bygg.

3. Generelle føresetnader

I Riksantikvaren sitt tildelingsbrev av 7. februar 2014 vart det gjeve nokre føringar for bruken av tilskotsmidlane. Desse har vore retningsgjevande i prioriteringa av kva prosjekt som får tilskot:

Generelle føresetnadar og prioriteringar

- Tiltak som stanser og hindrar ytterlegare forfall skal prioriterast.
- Freda bygningar og anlegg som forfell skal midlertidig sikrast.
- Tiltak på bygningar og anlegg det finnes få av skal prioriterast.
- Bygningar med Tg 3 og Tg 2 skal prioriterast (størst behov for tiltak). Det skal ikkje gis tilskot til bygningar med Tg1.
- Tilskotsmidlar frå post 71 skal primært brukast til tiltak på freda bygningar og anlegg som er i privat eige. Bygningar flytta til musea, skal ikkje tilgodesjåast med tilskotsmidlar frå post 71 på Klima- og Miljødepartementets budsjett.
- Bygningar og anlegg som er i offentlig eige skal ikkje tilgodesjåast med tilskotsmidlar frå post 71 på Klima- og Miljødepartementets budsjett.
- Renteinntekter fylkeskommunen har hatt for tilskot som ikkje er utbetalt i 2013 skal fordelast.
- Tilsegna skal berre gå til bygningar og anlegg som er tilstandsregistrert i kulturminne databasen Askeladden. Dersom det ikkje føreligg tilstandsregistrering for bygningar og anlegg som skal få tilskot, må tilstanden registrerast og leggest inn i Askeladden før arbeidet tek til.

Spesielle føresetnader og prioriteringar

- Av tildelinga skal kr. 700 000 gå til Gamle Gimmestad kyrkje (i tildelingsbrevet står det Gimmestad kyrkje, då det er to kyrkjer som i Askeladden er omtala som Gimmestad kyrkje har vi bedt Riksantikvaren om å stadfeste kva av kyrkjene tildelinga skulle gå til. Deira tilbakemelding er at det er Gamle Gimmestad kyrkje som skal ha midlane.)

Førehandstildeling for 2015

Riksantikvaren tildelte Sogn og Fjordane fylke kr. 1 000 000 i tilskot frå post 71 for 2015. Desse midlane vert utbetalt i 2015, men skal fordelast innan 1. juni 2014. Med førehandstildelinga for 2015 kan fylkeskommunen gje eit løfte om til skot i 2015, noko som vil gje både eigarar av kulturminna og forvaltninga ei større grad av tryggleik i framdrift av prosjekt. Riksantikvaren peikar her på at i dei større prosjekta er kontinuitet i prosjektet viktig.

Tilstandsvurdering av freda bygningar i privat eige

Tilstandsvurderinga er viktig i samband med fordeling av midlane og for å kunne rapportere på grad av måloppnåing av det nasjonale målet om at alle freda bygningar skal ha ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020. Erfaringane så langt syner at skadeomfanget ofte er mykje større enn det tilstandsregistreringa syner. Dette grunna mellom anna at ein del skadar ikkje er synlege då dei er kledd inn med ytterkledning og innvendig tapet/lerret/panel. Dette fører ofte til at kostnadsoverslaget frå handverkar ikkje held og at reparasjonane vert dyrare enn forventa. Tilstandsvurderinga av dei freda bygga vart i hovudsak gjort i 2007, dette fører til at tilstandsgrada på nokon av bygningane kan ha blitt forverra i tida etter tilstandsregistreringa. Der eigar melder inn behov kan det difor vere aktuelt at fylkeskommunen gjer ei oppdatering av tilstandsregistreringa for å få registrert dagens tilstand.

Restaureringsleiar

Fylkeskommunen har sidan 2008 hatt ein restaureringsleiar for freda bygg som skal fylje opp det praktiske restaureringsarbeidet for dei freda bygga i fylket. Stillinga har vore finansiert ved å nytte ca. 10% av tilskotsmidlane til freda bygg og anlegg (RA opnar for at ein kan nytte 5-15 % av tilskotssummane til dette føremålet for å sikre det faglege oppfølginga av arbeidet). Frå 2013 har fylkeskommunen også nytta ca. 10% av tilskota til verdsarv til finansiering av denne stillinga. Ei fylje av dette er at arbeidsområdet knytt til stillinga har blitt utvida til å omfatte verneverdige bygningar i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden.

4.Vurdering av innkomne søknader

4.1 Freda bygningar og anlegg i privat eige

Oppstarta restaureringsprosjekt i fylket

Restaureringa av Yris hotell nærmar seg ferdigstilling frå vår side. Utvendig er det meste ferdig men det står att arbeid med ytterdører og vindauga, samt remontering av demonterte bygningsdelar i interiøret. Fylkeskommunen har etterlyst plan for bruken av bygningen i fleire

år. Innvending remontering vil vere avhengig av ein slik plan før arbeidet kan startast. Det vart løyvd kr. 200 000 til Yris hotel i 2013, desse midlane er ikkje brukt og vi bli brukt til istandsetjing av ytterdører og vindauga i 2014. Fylkesdirektøren ynskjer ikkje å løyve meir midlar til dette prosjektet før plan for bruken av bygningen er på plass.

Hovudhuset på Sveen nærmar seg ferdigstilling, her står det att arbeid med drenering og piper samt remontering av innvendige bygningsdelar som vart demontert i samband med istandsetjinga. Før det kan gjerast noko meir på huset her må eigar ta stilling til korleis huset skal brukast og kva behov som må ivaretakast. Grunna eigar si helse har fylkeskommunen no sett dette prosjektet på vent slik at eigar får tid til å ta dei nødvendige avgjerdene.

Restaureringa av Bispestova i Lavik har hatt ein god progresjon. Høyanger kommune har forskottert delar av arbeidet slik at ein her har unngått unødige stopp i restaureringa. Til no er taket, tømmerkassa og kledningen ferdigstilt. Det står att arbeid med istandsetjing av sviller, bjelkelag, golv, dører og vindauga med listverk. Bygningen er eigd av Lavik hagelag og det er no ein eigen foreining under hagelaget som arbeider med å setje bygningen istand. Foreininga har i samband med istandsetjinga bidratt med svært mange dugnadstimar for å gjere arbeid og for tilrettelegging for handverkarane.

Vurdering av innkomne søknadar

Fylkeskommunen fekk inn søknadar om 23 ulike prosjekt knytta opp til freda bygg og kystkultur. Desse søknadane vart prioritert innan dei to kategoriene i forkant av at fylkeskommunen sendte søknad om tilskot til Riksantikvaren. I samband med vurdering og prioritering av søknadane har fylkesdirektøren vurdert dei i forhold til Riksantikvaren sine generelle føresetnader og prioriteringar i deira tildelingsbrev til fylkeskommunen, samt fylgjande kriterier:

- Prosjekt som allereie er oppstarta der fylkeskommunen er involvert
- Dekking av meirkostnadar som fylje av vilkår sett i gitte dispensasjonar
- Bygningar/anlegg som har tilstandsgrad 2 og 3
- Det vert ikkje løyvd tilskot til ordinært vedlikehald og bygningar med tilstandsgrad 1

Det var ikkje nok midlar til at alle søkjarar som fylte desse kriteria kunne få tildelt midlar i år. Difor har fylkesdirektøren gjort ei skjønsmessig vurdering av kva prosjekt som har det største behovet for tilskot av dei som stettar kriteria for tildeling. For omtale og vurdering av dei enkelte prosjekta sjå vedlegg

4.2 Verdsarv

I 2013 var det fleire prosjekt i verdsarvområdet som vart ferdigstilt. Istandsetjinga av løa på Holmo vart ferdig. I dette prosjektet var ei av utfordringane bygningen sin dårlege tilstand, men eigar klarte her å bruke oppatt ein større del av den gamle materialen enn det som var forventa ved oppstart. Prosjektet var gjennomført i tråd med plan vedlagt søknaden. Tobakkshuset/løa på Styvi vart og ferdigstilt, også her var bygningen i svært dårleg stand og eigar klarte å gjenbruke dei materialane som det var mogleg å bruke.

På Nedbergo vart det gjort mykje arbeid på løa sist sommar og prosjektet der er nesten ferdig. Arbeidet er godt utført også her og eigar planlegg at det skal slutførast i byrjinga av sommaren 2014.

Fylkeskommunen handsamar søknadar og fordelar midlar til Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden, medan det er Riksantikvaren som handsamar søknadar knytta til Urnes stavkyrkje i Luster kommune.

Vurdering av innkomne søknadar

Verdsarvområdet i Nærøyfjorden er innskrive på Verdsarvlista som eit reint naturområde og det er naturverdiane i området som står i hovudfokus. Innskrivinga er etter Unesco sine kriterie (i) og (iii). Under innskrivinga etter kriterium (iii) vert bygningsmiljøa i området omtala på fylgjande måte «*Restar av eldre, no for det meste nedlagde gardsbruk og stolar, tilfører det dramatiske naturlandskapet ein kulturell dimensjon som utfyller og aukar den samla verdien av området*».

Naturverdiane i området vert ivaretatt av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Fylkeskommunen si oppgåve her er å ivareta kulturminna i området, herunder dei verneverdige bygningsmiljøa og andre kulturminne som er viktig for den kulturelle dimensjonen i landskapet. Korleis området skal ivaretakast er forankra i Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden. I forhold til kulturminna i området har forvaltningsplanen gjort nokre prioriteringar om kva kulturminne/kulturmiljø som er viktig å bevare for å ivareta kriterium (iii) i innskrivinga.

I vurderinga av dei innkomne søknadane har fylkesdirektøren vurdert søknadane etter fyljande kriterium.

- Kulturminnet/kulturmiljøet si prioritering i forvaltningsplanen
- Områder som er regulert til bevaring
- Istandsetjing etter antikvariske prinsipp
- Prosjekt som bidreg til å ivareta og utvikle den lokale handverkskompetansen
- Prosjekt som er viktige for opplevinga av verdsarven
- Eigeninnsats/eigen finansiering
- Prosjekt som bidreg til å oppretthalde kulturlandskapet

Dei innkomne søknadane for 2014 representerte fleire svært gode prosjekt for istandsetjing av bygningar som ligg i områder forvaltningsplanen peikar på som prioriterte bygningsområder. I framlegg til tildeling har fylkesdirektøren lagt vekt på at dei prosjekta som best oppfyller kriteria ovanfor, skal få tilskot slik at dei kan gjennomførast i 2014. For omtale og vurdering av dei enkelte prosjekta sjå vedlegg.

5. Førehandstildeling for 2015

Hensikta med førehandstildelinga er å gje eigar av dei freda bygga som har store prosjekt føreseielege rammer. Fylkeskommunen skal rapportere til Riksantikvaren om fordelinga av desse midlane innan 1. juni 2014. Fylkesdirektøren ynskjer å sjå korleis dei ulike prosjekta utviklar seg i løpet av våren for å kunne vurdere kvar det er behov for ytterlegare finansiering i 2015. Av den grunn ynskjer fylkesdirektøren at tildelinga av midlar frå førehandstildelinga for 2015 vert gjort i mai 2014.

6. Konklusjon

Fylkesdirektøren syner til drøftingane ovanfor og tilrår hovudutval for kultur til å gjere vedtak i tråd med framlegg.